

ÅRSPLAN

FLATDAL BARNEHAGE 2018/19



Adr: Flatdalsvegen 1139, 3841 FLATDAL
Tlf.: 350 51 365 (Flatdal), 350 51 352 (Heddeli)
E-post: heddeli.barnehage@seljord.kommune.no



www.seljord.kommune.no

INNHALD

- Innholdsfortegnelse s. 2
- Forord s. 3
- Personalet, foreldreråd og samarbeidsutval s. 4
- Organisering og dagsrytme s. 5
- Barnegruppa s. 6
- Årshjul s. 7-8
- Innholdet i barnehagedagen dette barnehageåret s. 9-13



Flatdal barnehage er eigd av Seljord kommune. Barnehagen ligg sentralt i Flatdal, nært til skog og mark og butikken. Flatdal Samfunnshus, biblioteket og Flatdal barneskule er næraste naboar.

ÅRSPLANEN ER FLATDAL BARNEHAGE SITT PROGRAM FOR 2017/18

Planen bygger på :

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver
- Lokal rammeplan for barnehagane i Seljord kommune
- Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune
- Evaluering i personalet og tilbakemeldingar frå barn og foreldre
- Årsrytme, høgtider og tradisjonar i bygda set preg på barnehagedagen

Flatdal barnehage skal også i barnehageåret 2018-19 vere administrert saman med Heddeli barnehage. Barnehagen er likevel ei sjølvstendig eining og har sin eigen årsplan.

Planen må lesast saman med informasjonsheftet for Flatdal barnehage. Planen er ei grovskisse. Nyhetsbrev (månadsbrev, møteinnkallingar og anna informasjon), kalender (månadsplanar, møtedatoar og datoar for ulike arrangement), dagen i dag (dagbok) og oppslagstavle m/post-it lapp med beskjedar m.m. finn du på MyKid. Vi vil gjerne at du tek kontakt med personalet dersom det er noko du lurar på, -eller har meiningar om.

Seljord kommune eig 4 barnehagar og ynskjer å ha eit einskapleg barnehagetilbod. Styrarane i barnehagane samarbeider. Kompetanseutvikling i personalet skjer i storfellesskapet i tillegg til i eigen barnehage. Me inspirerer kvarandre og samarbeider om haldningar, innhald og arbeidsmåtar.

Satsingsområde 2018-2020:

Parallellt med implementering av ny rammeplan og bevisstgjerung kring eigen relasjonskompetanse skal vi i ein to årsperiode delta i eit nasjonalt prosjekt kalla " inkluderande barnehage og skulemiljø". Utgangspunktet er førebyggjande arbeid retta mot mobbing og andre krenkingar. Psykisk helse, relasjonskompetanse, sosialkompetanse, språkutvikling og leik er sentrale emne som heng tett saman innanfor dette emnet. I tillegg er barnehagane ein del av IKT satsinga i Seljord kommune dette året. Her startar vi med haldningsarbeid og opplæring på I`pad.

Seljord, august 2018

Nina Bakkåker og Heidi Haugerud
Styrarteam

PERSONALET

Namn	Stilling	Storleik
Nina Merete H. Bakkåker	Styrar, hovudansvar Flatdal	60 %
	Rettleiar i kommunen, 20% Ressursperson barnehage, "inkl. barnehage og skulemiljø" , 20%	40 %
Heidi F. Haugerud	Styrar, hovudansvar Heddeli	100 %
Svanhild Dyrland	Pedagogisk leiar	100 %
Gunn Tone Moen	Pedagogisk leiar	100 %
Parvin Molazem	Pedagogisk leiar	100 %
Jane Kristin Aarhus	Barne- og ungdomsarbeidar	100 %
Guro Mariann Flatland	Assistent	80 %
Bente Veisene Angre	Assistent	60 %
Gro Aase Rue	Spesialpedagog	Ved behov
Stine Helen N. Bakke	Logoped	Ved behov
Ling Zhi Kong	Reinhaldar	
Veronika Sølyst	Reinhaldar	
Beate Tjønntveit	Barnehagelærer i permisjon	100 %

FORELDRERÅDET

Leiar: Sara Fjågesund

Vara: Ane Flatland

MEDLEMMAR AV SAMARBEIDSUTVALET (SU)

Foreldrerepresentant: Sara Fjågesund

Eigarrepresentant: Marita Byggstøyl Dyrland

Personalrepresentant: Parvin Molazem

Styrar kallar inn til møte og er referent: Nina Merete H. Bakkåker

ORGANISERING

Barnehagen har 7 tilsette som saman skal arbeide for at Flatdal barnehage er ein barnehage med god kvalitet for barn og foreldre. Vi skal ha fagleg fokus med barnets beste i sentrum for alt me gjer.

Dette barnehageåret er det 22 barn (26 plassar) i alderen 2-5 år i barnehagen. Vi deler barna i mindre grupper så ofte vi kan. Barnegruppa blir dela i to grupper etter alder frå om lag kl.10.00 -13.00 med unntak av torsdag.

Barn fødd i 2013 er ei gruppe på 8 barn.
Svanhild og Bente har ansvar for *raud gruppe*.

Barn fødd i 2014, 2015 og 2016 er ei gruppe på 14 barn.
Gunn Tone, Parvin, Jane Kristin og Guro har ansvar for *blå gruppe*.
Dei yngste tilpassar livet på blå gruppe saman med Parvin og Jane Kristin.
Følg med på *kalenderen* og *dagen i dag* i My Kid.

DAGSRYTMEN

Når	Kva skjer
07.30	Barnehagen opnar
07.30-9.45	Leik ute og inne
08.00-08.30	Frukost
9.45-11.15	Arbeid i aldersdelte grupper: - samling, leikegrupper, matlaging, gymsal, og andre ulike aktivitetar og gjeremål. Sjå kalenderen på My Kid. Når vi drar på turar og i gapahuken er vi attende ved 13/14-tida
11.15-12.30	Formiddagsmat, kvilestund og garderobe
12.30-16.30	Leik ute og inne
14.30-15	Ettermiddagsmåltid m/frukt og grønnsaker
16.30	Barnehagen stenger

Alle klokkeslett gjennom dagen er omtrentlege. Dei minste barna et og søv etter avtale med foreldra. Barna vert førebudd på dagens gjeremål gjennom ei dagtavle som heng på vegg. Dagtavla er ei tavle der bilete/tekst av gjeremåla er satt opp kronologisk.

BARNEGRUPPA

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	FØDT	KONTAKTPERS.
Torje	Torje	Torje	Torje	Torje	30.04.13	Svanhild
Kjersti	Kjersti	Kjersti		Kjersti	11.05.13	Svanhild
Mari	Mari	Mari	Mari		28.05.13	Svanhild
Magnus	Magnus	Magnus		Magnus	16.06.13	Svanhild
Tov	Tov	Tov	Tov	Tov	27.06.13	Svanhild
Sigurd	Sigurd	Sigurd		Sigurd	24.07.13	Svanhild
Leon	Leon	Leon	Leon	Leon	19.08.13	Svanhild
Tuva	Tuva		Tuva	Tuva	03.09.13	Svanhild
8	8	7	5	7	Antal barn	
Barnehagen	Tur/gapahuk	Barnehagen	Fellesdag: samling og matlaging, evnt.tur	Gymsal m/2014	Vekeplan	
Svanhild Bente	Svanhild Bente	Svanhild Bente		Svanhild Parvin		
Halvor	Halvor	Halvor	Halvor	Halvor	04.02.14	Gunn Tone
Marie	Marie	Marie	Marie	Marie	13.06.14	Gunn Tone
Erle	Erle	Erle	Erle	Erle	14.08.14	Gunn Tone
Tarjei	Tarjei	Tarjei	Tarjei	Tarjei	20.09.14	Gunn Tone
Ånond	Ånond	Ånond	Ånond	Ånond	03.09.14	Gunn Tone
5	5	5	5	5	Antal barn	
Bjønn	Bjønn	Bjønn	Bjønn	Bjønn	10.07.15	Gunn Tone
Håvard	Håvard	Håvard		Håvard	01.08.15	Gunn Tone
Jonatan	Jonatan	Jonatan	Jonatan	Jonatan	05.08.15	Gunn Tone
Tor		Tor	Tor		11.09.15	Gunn Tone
Saamund	Saamund		Saamund	Saamund	07.12.15	Gunn Tone
5	4	4	4	4	Antal barn	
Marie	Marie	Marie		Marie	15.01.16	Parvin
Aksel	Aksel	Aksel		Aksel	13.03.16	Parvin
Ingebjørg	Ingebjørg	Ingebjørg		Ingebjørg	10.04.16	Parvin
Øyunn		Øyunn	Øyunn	Øyunn	28.12.16	Parvin
4 (8)	3 (6)	4 (8)	1 (2)	4 (8)	Antal barn (antal plassar)	
Tur	Barnehagen	Gapahuk	Gunn Tone Parvin Jane K Svanhild	Barnehagen	Vekeplan	
Gunn Tone Parvin Jane K. Guro	Gunn Tone Parvin Jane K. Guro	Gunn Tone Parvin Jane K. Guro		Gunn Tone Jane K. Guro		
22barn/26pl	20barn/23pl	20barn/24pl	15barn/16pl	20barn/24pl	Antal barn/plassar kvar dag	

ÅRSHJULET 2017/18

VEKE	DATO	INNHALD
HAUST		
33	to 16. og fr 17.08	Planleggingsdagar. Barnehagen er stengt
34-35	må 20.08	Oppstart av nytt barnehageår
35	ty 28.08	Foreldremøte kl.18-20
36	Fr 7.9	Møte i samarbeidsutvalet, SU
36-40		Fokus: Dyrskùn
38-40		Barnesamtalar (3-6 åringane)
40	on 3.10	Haustfest med foreldre kl.15.45-16.30
41-43		Foreldresamtalar
41-46		Fokus: Haust/Barns levekår og rettar i verda
43	fr 26.10	Planleggingsdag. Barnehagen er stengt
45-47		Samarbeid barnehage/skule
47		Brannvernveke
48-51		Fokus: Joleførebuingar
51	fr 21.12	Grautfest for barna og personalet
52	må 24.-fre 28.12	Joleferie. Barnehagen er stengt



ÅRSHJULET 2017/18

VEKE	DATO	INNHALD
VÅR		
1	on 02.01	Planleggingsdag. Barnehagen er stengt
1-9		Fokus: Vinter og førebuing til karneval
2-23		Samarbeid barnehage/skule
Feb.		Foreldremøte
5-7	on 06.02	Markering av samenes nasjonaldag
9	on 27.02	Karneval for barna og personalet
10	må 03.03	Fastelavn
10-17		Fokus: Vår og påske
11	ty 12.03	Barnehagedagen
12	fr 12.04	Påskelunsj for barna og personalet
15-17		Foreldresamtalar
18	ty 30.04	Ruskendag med foreldre kl.16-18
18-24		Folkemusikkprosjekt
18-21		Fokus: 17. mai
21-24		Førebuingar til sommarfest
24	on 12.06	Sommarfest med foreldre kl.15.30-16.30
24	fr 14.06	Planleggingsdag. Barnehagen er stengt
26-32		Sommarferieavvikling for barn og personalet
28-30		Barnehagen er stengt. Merk deg vekenummer!

Begge gruppene skal ha elgen som eit gjennomgåande tema dette året.



INNHALD

Medverknad og progresjon

Kva for opplevingar og erfaringar barna vil gjere seg oppstår i møte med og i samspel med andre barn og vaksne, -åleine og i grupper, det fysiske miljøet, kulturen vi skapar i barnehagen, og i omgjevnadane elles. Barn har ulike erfaringar når dei kjem til barnehagen, og dei utviklar seg og modnast i ulikt tempo. Det betyr at dei og må møtast ulikt. Innafor opplevinga av grunnleggjande trygghet skal dei og utfordrast for å kunne utvikle seg vidare ut frå sin eigen ståstad (progresjon). Barnas erfaringar, interesser og innspel skal få vere med å påverke kva vi vaksne legg til rette for i barnehagekvardagen (medverknad). Kva vi held på med vert dokumentert på My Kid gjennom, nyheitsbrev, på kalenderen, på "dagen i dag", og gjennom nokre bilete (barns andlet skal ikkje synast). Det vil og synleggjerast gjennom utstillingar av barns arbeid, praksis-forteljingar og framsyningar.

Kvar dag jobbar vi aldersdelt i ein periode midt på dagen. Ved å dele inn i mindre grupper etter alder vil vi kunne legge betre til rette for erfaringar knytta til barnas interesser og modningsnivå. Barnehagebarn lærer med kroppen, i leik og samhandling med andre. Jo yngre barn, dess meir konkrete må vi vere i val av arbeidsmetodar. Vi har eit mål om å inkludere barna i alt vi held på med gjennom heile dagen.



Oppstart og dyrskùn v. 34-40:

Raud og **blå gruppe:** I tillegg til å bli kjent med kvarandre og innarbeide rutiner så startar vi opp med tema om elgen

Fokus: haust (tid for elgjakt) og barns levekår og rettar v.41-46:

Blå gruppe: Følge opp solsikkene vi sådde i haust.

I forbindelse med FN-dagen og verdsbarnehagen vil vi gje barna opplevingar som har polsk opphav,-der Jonatan kjem ifrå.

Raud gruppe:

Vi haustar kjøkkenhagen vi laga i vår, og lagar mat på avlinga. Planlegging og gjennomføring av haustfesten 3.10.

I forbindelse med FN-dagen og verdsbarnehagen vil vi gjere barna kjente med FN-konvensjonen, om barns rettar. Med fokus på at alle er fødd frie og er likeverdige, har rett til å bli høyrtd og bli tatt omsyn til, rett til å vernast, til å leike og gå på skule.

Brannvernveke, v. 47:

Raud og **blå gruppe:** Barna skal lære at ein berre skal tenne stearinljøs saman med vaksne og at ein må blåse dei ut når ein må gå i frå det. Vi høyrer på brannvarslaren og øvar oss på å gå bort til samlingsplassen ved dumpehuska på skuleplassen. Besøk av brannbilen. Barna blir gjort kjent med nødnummeret 1-1-0

Raud gruppe:

Besøk av ein brannmann som fortel om arbeidet sitt. Får høyre at det er lurt å byte batteri i brannvarslaren på same tid kvart år, 1.des.

v.45-47: samarbeid barnehage/skule

Advent og jol, v.48-51:

Raud og blå gruppe: Me ynskjer ei adventstid prega av ro, hygge og lokale tradisjonar. Me fortel om kvifor vi feirar jol, fokuserer på "den gyldne regel", -det du vil at andre skal gjere mot deg skal du gjere mot dei. Samarbeid på tvers av gruppene. Barn hjelper barn. Elles hentar vi fram lokale tradisjonar når det gjeld forteljingar, songar, mat, helsingar jolepynt og jolegåve.

Raud gruppe: Vi gleder nokon til jol med jolebakst og jolesong i adventstida.

Grautfest for barna og personalet fredag 21.12

Vinter og karneval, v.1-9:

Raud og blå gruppe: Korleis har elgen det på vinteren tru?

Blå gruppe: Blir kjent med eit segn. Segnet blir utgangspunkt for utkledding på karnevalet.

Raud gruppe: Startar opp med å bli kjent med segnet om Dalasjå. Barna skal vere med å jobbe fram ei dramatisering som visast for blå gruppe på karnevalsdagen. Og for foreldre på sommarfesten.

Førebur «slå katta ut av sekken» til karnevalet.

Karneval for barna og personalet onsdag 27.2

Samenes nasjonaldag 6.2, v.5-6:

Raud og blå gruppe: Barna skal få kjennskap til at samane er urfolk i Noreg. Vi vil høyre korleis språket høyrer ut, lytte til folkemusikken (joik), sjå folkedraktene, lage samisk mat, høyre eit samisk eventyr og bli kjend med det samiske flagget.

Fastelavn 3.3, v.10:

Raud og blå gruppe: Vi snakkar med barna om at fastelavn er inngangen til fastetida. Tid for å ete godt og lage fest før fasten set inn. Vi bakar fastelavnsbollar og fortel forteljinga om Måns og bollane.

Barnehagedagen 12.3, v.11:

Raud og blå gruppe: Kvart år markerast Barnehagedagen over heile landet. Tema er ikkje annonsert ennå.

Vår/påske, v.12-17:

Raud og blå gruppe: Høgtida blir sett i samanheng med våren og lokale tradisjonar. Vi finn fram forteljingar, songar, matoppskrifter og formingsaktivitetar. Korleis er livet for elgen om dagen forresten?

2014-gruppa: Etablere kjøkkenhage. Vi sår og plantar i god jord og lærer at vi treng både ljøs, vatn, og tolmodigheit for å få god avling. Luke må vi og. Vi haustar og lagar mat av eigen avling over sumaren

Påskelunsj for barna og personalet fredag 12.04

Folkemusikkprosjekt v.18-24:

Raud gruppe+2014 Gro Verpe Moen og Jorunn Torjussen kjem og har eit folkemusikkprosjekt med oss. Framføring på sommarfesten.

Ruskedag 30.4, v.18

Raud gruppe: Planlegging og gjennomføring av Ruskendagen 25.4.

17. mai førebuingar v.19-21

Blå gruppe: Vi fortel om kvifor vi feirar dagen og fokuserer på tradisjonane for 17.mai feiring i Flatdal. Vi målar med flaggfargane og øvar på å gå i tog med flagget høgt.

Raud gruppe: Vi bygger vidare på tema frå FN-dagen og jol. Vi fokuserer på kva det vil sei å vekse opp i eit fritt land, grunnlova og kva demokrati er. Barna får høyre om Bjørn Stjerne Bjørnson og Henrik Wergeland.

Avrunding av barnehageåret:

Raud og blå gruppe: Etter 17.mai gjeng det fort mot sommar og ferietid. Vi jobbar med å avslutte ulike prosjekt og arbeid vi har jobba med gjennom barnehageåret. Og vi førebur sommarfesten med det som skal til av øving og anna praktisk arbeid.

Raud gruppe: Teaterframsyning på sommarfesten, segnet om Dalasjå. Dei blir takka av og mottek mappene sine med ulike arbeid frå tida i barnehagen.

Sommarfest med foreldre onsdag 12.6

Mål og innhald for desse gjennomgåande aktivitetane finn du i informasjonsheftet:

Turar

Raud og blå gruppe: Kyrkjeskogen, Sollijordet, landsbyen, områda rundt skule og barnehage, butikken, fotballbanen.

Raud gruppe: Kikkeskåpa, Krossvegen, Trahaug, bakeriet, gamle hestevegen og Natadalsvegen

Gapahuken

Raud og blå gruppe: Vi følger livssyklusen til elgen

Blå gruppe: Fokus på naturen som leikeplass. Og ein arena for fysisk utfalding, sanseopplevingar, utforsking og undring.

Raud gruppe: Fenologisk kalender: vi følger med på vèret og temperaturen m.m.

Gymsalen

Raud gruppe+2014: Vi er i gymsalen kvar fredag. Raud gruppe et og kviler der før dei gjeng ut og leikar.

Folkemusikkprosjektet har vi og i gymsalen, v.18-24.

Kunst, kultur og kreativitet

Raud og *blå gruppe*: Denne hausten etablerer vi ei kasse med treverk og verktøy til snekring i gapahuken. Og ei kasse med klossar, plankar og anna materiell barna kan vere kreative med i uteleiken.

Vi etablerer og felles musikkksamlingar ein gong i månaden.

Matlaging

Vi har felles matdag kvar torsdag. Dei som ikkje har barnehagetilbod på torsdagane vil få vere med på matlaging i tilknytning til festar, og merkedagar som fell på andre dagar, og matlaging på bålet ved gapahuken.

Skuleførebuingar

Raud gruppe: Vi har eit samarbeid med skulen og SFO året før skulestart. Sjå informasjonsheftet.

